



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Protokoll Kviteseid sokneråd

Tid: Måndag 3.november 2025 kl. 17.00 – 19.00

Stad: Kommunehuset

Desse møtte: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund, Anne Oddny Foldøy, Jon Svartdal (kyrkjevevje), Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdsli

Forfall: Sigrun Lønning Solvang (sokneprest)

Kopi vert og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).

Opningsord v/ Marit Sørby

Servering Trond Fjågesund

Oversikt over saker:

SR-sak 40.25	Innkalling og saksliste
SR-sak 41 .25	Post og meldingar
SR-sak 42.25	Orientering
SR-sak 43.25	Bispevisitas

Referat dato 07.11.2025

Marit Sørby

Marit Sørby
Soknerådsleiar

Jon Svartdal

Kyrkjevevjevikar

SR-sak 40.25	Innkalling og saksliste	
Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle i SR Merknader til innkalling eller saksliste. Eventuelt. Det siste referatet er lagt ved innkallinga. Merknader til siste referat. Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat. VEDTAK samrøystes: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat.		
SR-sak 41.25	Post og meldingar	
1. Arrangement sidan sist ordinære SR: - Gullkonfirmantfest søndag 19.oktober - Helgemesse og open kyrkje 2.november 2. Planlagde arrangement: - Kyrkjelydsbasar 29.november - Desse møtes 26. november og ordnar kransekake: Astrid, Sigrun GM, Solveig, Dagfinn, Vidar M, Ellen Katrine - Andaktar på KOS og Midtsundtoppen, 5.nov og 10.des - Føremiddagstreff på Misjonshuset 26.nov og 3.des i kyrkja - Babysong kvar torsdag på Misjonshuset - Språkkafè – 4. nov og 2.des - Adventssamling 3.des kl. 11.00 i Kviteseid kyrkje 3. Konsertar i kyrkjene - Søndag 23.november kl.18.00 i Kviteseid kyrkje – Kim Rysstad og Hornmusikken - Torsdag 18.desember i Brunkeberg kyrkje – Symre - Fredag 19.desember i Vrådal kyrkje - Symre 4. - Nytt medlem av kulturutvalet For å styrke kulturutvalet blir Jan Haugen blir spurt om å gå inn i kulturutvalet frå dags dato og fram til neste møte på nyåret. Vedtak: Desse meldingane med supplement som er lagt inn over er tekne til vitande og vedtekne samrøystes.		

SR-sak 42.25	Orientering	
- Svangerskapsvikariat – Jon Svartdal vært tilsett som pensjonist på særskilt grunnlag. Dette vil seie at han får utbetalt 93% av løna til noverande kyrkjeverje. Han vert då ikkje innmeldt i KLP, og får utbetala løn på lik linje med dei andre tilsette i soknet. - Prestestilling - det vart tidlegare informert om at det frå 2026 skulle bli forandringar i prestetenesta, dette vert no utsett til 2027. Sigrun kjem derfor til å ha 100% stilling som sokneprest i Kviteseid i heile 2026. - Dual leing – Øvre Telemark prosti går i 2026 i gong med dual leing. Dette vil seie at sokneprest og kyrkjeverje deler ansvaret innanfor blant anna gudstenesteplan, årshjul, HMS, arbeidsplanar, stabsmøte og stabsutvikling. Prosten skal vera rådgjevar. Det skal skrivast lokale avtalar. Dette startar i januar 2026.		
Vedtak: Orienteringane er tekne til vitande utan merknader.		
SR-sak 43.25	Bispevisitas	
Det vert bispevisitas i Kviteseid sokn i veke 17, med visitasgudsteneste søndag 26.april. Planlegginga startar no før jul, og ein håpar å kunne bruke ein del av det som vart planlagt tidlegare for dato vart endra. Sokneprest kunne ikkje møte så det blei inga fyldig orientering. Ordførar Tarjei Draugedal måtte forlata møtet etter denne saka. Vedtak: Enkel orientering blei teken til vitande utan merknader.		
SR-sak 44.25	Val av leiar og nestleiar, tillegg til innkalling, godkjent	
Det skal årleg veljast leiar og nestleiar i Kviteseid Sokn. Vedtak: Marit Sørby tek attval som leiar, og Sigrun G Moen blir ny nestleiar. Samrøystes.		
SR-sak 45.25	Benkar til minnelunden, tillegg til innkalling, godkjent	
Kyrkjetenar Bjørn Stian Sigurdsliid søkte om å få sett inn to benkar i grå granitt i minnelunden på kyrkjegarden i Kviteseid. Benkane er 1m lange, og kostar kr 4800,- pr stk. Vedtak: Det blir kjøpt inn to benkar i grå granitt til minnelunden i Kviteseid. Samrøystes.		

